

Kjedemakt, beredskap og norsk mat!

På tampen av 2024 kom nyheita om at Norgesgruppen som den største av matvarekjedene i Noreg ikkje lenger skal tilby sine kundar mjøl frå Møllerens.

Norgesgruppen har i staden fått ein avtale med Lantmännen Cerealia eller for oss kjent som «Regal» Frå før har Coop stengt ute Møllerens, og frå våren 2025 er det berre Rema 1000 som tilbyr norsk mjøl i butikkane.

Matvareoligarkane i Noreg (inkludert Coop) har rigga eit system som gjer at ingen tener pengar før produkta er i hylla i butikken. Dei har (om ein vil) etablert ein føydal struktur i matmarknaden med resultat at øvst sit ein Sveitsflyktning og på botn sit «ufrie bønder».

Det er på høg tid at storting og regjering tek tak i – og regulerer matmarknaden. Dei kan starte med å krevje at avtalar som dette vert offentlege. Sansynlegvis må Lantmännen Cerealia selje kveitemjøl med tap med lovnad om god hylleplassering for øvrige produkt. Det er kveitemjølet som er avgjerande, og pris vert diktert etter kva «Norgesgruppen» meiner er den rette med hjelp av VG sin matbørs.

Vi treng regulering som sikrar matproduksjon i Noreg og som styrkar beredskap. Når nasjonale myndigheiter kan sende brosjyre i posten om min og din private beredskap utan samstundes syte for ei regulering av eigen matproduksjon, er det nærast eit hån.

Det er sikkert nokon som trur at matvarekjedene kan regulere seg sjølv og sjå til at regionale og nasjonale produsentar overlever i marknaden. Svaret er sannsynleg tvert om – at fleire norske produsentar sit med avtalar i matvarekjedene som trugar deira eigen eksistens.

Norgesmøllene (Møllerens) vart etablert i 1866 og er eigd av norske bønder. SV krev at regjeringa tek grep som sikrar at norsk mat produsert av norske bønder og foredla i norske møller vert tilbydd i alle butikkar i Noreg. For norske arbeidsplassar, men ikkje minst for norsk matvaretryggleik og beredskap.

Denne uttalen vert sendt landsmøtet til SV 14. – 16. mars 2025.